



Samferdselsdepartementet

Dato: 15.09.2020
Vår ref.: 20/00454-42

Sletting av bompengegjeld Vossapakko

Sletting av bompengegjeld Vossapakko etter kommunesamanslåing

1.januar 2020 såg Voss herad dagens ljós etter at Voss kommune og Granvin herad vart slått saman. Voss herad strekkjer seg no frå Bolstadfjorden i Vest til Hardangerfjorden i aust.

Eit viktig prinsipp i samband med etablering av Vossapakko, var at ein skulle kunne reisa utan å betala bompengar innan kommunegrensene. Dette vart oppnådd, og det vart sett opp bomstasjon ved grensa til Vaksdal kommune og grensa til Granvin herad.

Når no Granvin og Voss er blitt eitt, er situasjonen endra for alle innbyggjarane i Granvin. Dei må no til Voss for å koma til kommunesenteret, og dermed er det eit brot på prinsippet som vart etablert då Vossapakko i si tid vart vedteke av Stortinget.

Vidare er det slik at å flytta bomstasjonen til dei nye kommunegrensene både vil medføra nye kostnader for våre naboar som allereie har bompengar gjennom Kvammapakko og Hardangerbrua og flyttekostnader.

På grunnlag av dette, og sidan Regjeringa ved fleire høve har avslutta bompengeinnkrevjing ved andre prosjekt, ber me om at det same vert gjort for Vossapakko. Voss og Granvin har gjort som Regjeringa ynskjer, nemleg gått saman og etablert ein større kommune. Regjeringa på si side kan ved å sletta resten av bompengane som skal krevjast inn i Vossapakko, gjera sitt til at Voss herad fungerer som ein kommune.

Prosjektet har i dag att ca 200 millionar i gjeld etter fråtrekk av kontantinnskot, og er forventa nedbetalt i 2022/23.

Med vennleg helsing
Hans-Erik Ringkjøb

Ordførar

Tlf: 97138720

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur